



79. årgang - nr. 3. 2023. Tryggheim skular

# Tryggheimhelsing



Glimt fra misjonstur til  
Etiopia s. 4-5

Bilder fra oppstarten  
s. 10-12

Kyllingbonde blir ny  
hønemor s. 16



# KUNSTIG INTELLIGENS: GIR DEN OSS SANNHETEN?

Forrige skoleår fikk språkmodeller som chatGPT og Kunstig intelligens (KI) sitt virkelige gjennombrudd. Selv om KI har vært blant oss lenge, for eksempel gjennom digitale kameraer som automatisk fokuserer på ansikt eller søkemotorer der de mest relevante treffene kommer øverst, har mange av oss kanskje ikke vært bevisste på det. Lanseringen av chatGPT åpnet en ny verden gjennom sine velformulerte og relevante svar, og teknologien ble tilgjengelig for alle. Utover våren og sommeren har det nærmest flommet over av nye KI-baserte tjenester på internett.

Geir Magne Karlsen // Assisterende rektor

I skoleverdenen blir vi raskt introdusert for nye verktøy, noen ganger raskere enn vi kanskje ønsker. Problemstillinger dukker opp. Er besvarelser laget av KI eller elevene? Må vi forby KI, eller kan det brukes til noe positivt i skolen? Er personvernet godt nok ivaretatt?

KI vil kunne være til stor hjelp om det blir brukt på riktig måte. For eksempel i helsevesenet til forbedring av diagnose og behandling. Men vi kan også forestille oss KI som et nyttig verktøy i skolen, både i planlegging, som en støtte i undervisningen og vurdering.

Vi møter en ny virkelighet med de nye KI-tjenestene. Det finnes tjenester for å lage bilder, lyd og video så realistisk at det kan være vanskelig å se om det er ekte. Personer som vil utnytte dette i uærlige hensikter, kan for eksempel spre KI-genererte «bevis» mot andre.



KI har også gjort sitt inntog inn i kristne sammenhenger. Det tok ikke lang tid før en hørte om noen som hadde brukt KI til å lage andakter. Det har blitt lansert 'chatbots' som reklamerer med muligheten til å «snakke med Gud», men det er god grunn til å styre unna den typen tjenester som utgir seg for å være Gud.

Vi må være bevisste på at disse tjenestene har sine begrensninger og det finnes utallige eksempler der KI svarer upresist, eller direkte feil, og ikke nok med at de kan komme med feil, de gjør det også ofte på

en overbevisende måte og uten antydning til usikkerhet i svarene sine.

I møte med KI kan sannheten bli utfordret gjennom falske og overbevisende budskap, enten det er KI som gir feil svar, eller personer som ønsker å spre usannheter ved hjelp av KI. I møte med dette vil vi holde fram hva Bibelen sier om sannhet, blant annet gjennom Jesu ord i Johannes 14,6: «Jeg er veien og sannheten og livet. Ingen kommer til Faderen uten ved meg.»



## Den største skatten

Veronica Engestøl // lærer vgs.

Du har kanskje hørt sangen om at den største skatten på jord er Guds ord, det vil si Bibelen. Det er så sant. Noen ganger kan vi mennesker heller søke tegn eller bevis på at Jesus er den han sier han er. Det ønsket de også på Jesu tid, men Jesus var ofte mer opptatt av å undervise mennesker om Gud enn å vise dem tegn fra himmelen.

Like etter at Jesus var stått opp fra døden, møtte han to av disiplene sine på vei til Emmaus. Man skulle tro at det første han ville gjøre, var å vise dem det store underet – han hadde stått opp fra døden! Det er ikke det første Jesus tenker på. Selv når disiplene er helt fortvilte over at Jesus, han de trodde på, hadde

dødd, så setter han ikke i gang med å berolige dem ved å beviser for dem at han var stått opp igjen. Han ville heller at disiplene hans skulle finne fred, håp og glede i Guds ord. Han prioriterte derfor å forklare disiplene sine ut fra skriftene (det gamle testamentet) hvorfor Jesus måtte dø og deretter stå opp igjen. Det var faktisk ikke før det var gått en stund og de skulle spise sammen, at øynene deres ble åpnet så de kunne kjenne Jesus igjen og dermed se med sine egne øyne at han var stått opp igjen fra døden. De sa til hverandre: «Brant ikke hjertet i oss da han talte til oss på veien og åpnet skriftene for oss?» (Luk. 24,32).

Hvis disiplene kun hadde sett Jesus, så kunne de kanskje ha tenkt at de bare så syner. Jesus vet at det som virkelig fører til tro er å forstå oppstandelsen ut fra det gamle testamentet, fra Moses og profetene. Det er det som vil få hjertene våre til å brenne for evangeliet.

Nå i begynnelsen av høsten settes mange bibelgrupper i gang igjen. Det mener jeg må være den mest verdifulle sosiale gruppen man kan velge å være med i. Jeg vil derfor oppmuntre deg til å bli med i en bibelgruppe for å studere Bibelen, Guds ord, den største skatten som finnes på jord. Det vil du få mye igjen for!



 Trykthelning

**Forsidebildet:** 1 september var russen med på epleplukking i Randaberg. Lønnen de fikk gikk rett til misjonsprosjektet.

Foto: Ida Indrebø

#### Redaksjonskomité:

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Henrik Foss  
Knut Handeland  
Mari Ask Helland  
Björg Topnes  
Martin Steinskog (ungdomsskolen)

#### Kasserer:

Elisabeth Krogedal

#### E-post Tryggheim skular:

post@tryggheim.no

Bladet koster kr 150,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

#### Grafisk design og trykk:

Synkron Media AS, Birkeland



# Glimt fra min misjonstur til Etiopia april – juli

Tekst og foto: Torbjørn Honnemyr

Jeg var på misjonstur til Sør-Omo i Etiopia i vår. Det var samme sted som et par jenter fra Tryggheim besøkte i fjor, så noen vil kjenne igjen en del. Mine oppgaver var i hovedsak å være medvandrør for lokale ledere og evangelister, vedlikehold, undervisning og kontakt med kirkekontoret. Takk til Tryggheim for ulønnet permisjon i to måneder og takk til Bygg- og anleggsteknikk-avdelingen for velvilje da jeg forlot arbeidet i slutten av skoleåret. Og takk til alle som har vært med meg i forbønn og omsorg. Jeg vil nevne tre glimt fra turen:

## De kastet barn utfor fjellet pga gamle skikker

Tsemai-folket er en av ca. 80 ulike etniske grupper i Etiopia, jeg bodde i deres område. Tsemaiene har eget språk, dyrker jorden, holder geiter og kyr, og lever nokså enkelt der på sletten i Woito-dalen. Nesten ingen voksne menn og få voksne kvinner tar imot det kristne budskapet. Men mange barn og ungdommer kommer til kirken og ønsker å tro på Jesus Kristus. Flere og flere unge kristenflokker popper opp rundt om, det er en fryd.

Det er mye godt å si om Tsemai-folket, men jeg vil her nevne en kjempeproblematisk gammel skikk: Hvis et spedbarn fikk de første tennene i feil rekkefølge, så måtte barnet dø ved at det ble kastet utfor et fjell. Dette har med frykt for fedreånder å gjøre.

Den forferdelige uskikken ble heldigvis ulovlig for noen år siden og skjer nå visstnok bare i liten grad. I Norge ble det ulovlig å sette ut småbarn i skogen da kristenretten ble innført noen år før 1030. Takk Gud for at evangeliet kom til Norge i sin tid, og senere til Etiopias utkanter og endret levesettet til det bedre.

Noen sier at misjon er kultur-imperialisme, altså at det ødelegger lokal kultur og innfører vestlig kultur. Ja, misjonærer har sikkert gjort mange feil, men likevel går det ikke an å beklage at den nevnte endringen har skjedd. Takk Gud for positive endringer både i norsk og etiopisk kultur. Sannheten gjør fri, evangeliet skaper noe nytt.



## Evangelist Kerri kan ikke avslutte tjenesten selv om det koster

For at dette kan skje, er det i dag ikke minst lokale etiopiske evangelister som står i kampen. Tross liten lønn er disse villige til å lide for Kristus. Jeg snakket med en av dem, han heter Kerri. Han har bodd ca. 18 mil fra familien i 13 år, og tjener så lite at han ikke har råd til å besøke sin egen familie mer enn kanskje hver tredje måned. Evangelisten, som er bevisst sitt ansvar, sier dette: «Jeg har et kall. Jeg tjener Gud. Skulle jeg forlate dette? Hvem skulle jeg så tjene?» Han er en av flere som står i kampen mot sult og motstand og fare for å få juling. Men gleden over evangeliet i Jesus Kristus er større, og derfor utstår de prøvelsene. Innstillingen til Kerri er til ettertanke. Er du og jeg villige til å tjene Jesus, også når det koster? Gud kaller oss til det.

## Internatet i Turmi er ikke helt som internatet på Tryggheim

I byen Turmi driver Mekane Yesus-kirken et internat for fattige skoleelever. Som bildene viser er det ganske kummerlige forhold, sammenlignet med f.eks. internatet på Tryggheim. I Turmi er de glade for den maten de får, selv om den er svært enkel. Maten består mye av mais, og kjøtt er det sjelden på bordet. Internatet huser flere elever i hvert rom, og rommene er svært enkle, med sprinkelsenger og myggnett. Det er ikke penger til noe bedre.

Vi har godt av å bli minnet om at ikke alle har det like godt som oss. La oss ikke leve i sløsing og klaging, men være takknemlige til Gud. Både for Bibelens gode budskap om Jesus Kristus, og for livets velsignelser som vi har mottatt i overmål i Norge.



## 8. TRINN TIL HORVE DEN BESTE STARTEN PÅ EIT SKULEÅR!

Tekst: Marie Eggebø Stokke

Etter berre fire dagar på Tryggheim ungdomsskule stod over 90 elevar klare og venta på bussen til Horve. Dei vinka til foreldre, var spente, glade, nokre sikkert litt redde, men òg forventningsfulle. Bussane kom, elevane sprang inn og køyreturen var i gang.

Vel framme på Horve fekk elevane romma sine. Bagasjen vart sett på plass og dei gjorde seg klare til den fyrste aktivitetssøkta, halvparten kano og resten sporleik. Idet alle elevane stod musestille, utan regnklede, og lytta til Jacob sine beskjedar, kom regnet. Det hølja ned, men det vart med det. Alle vart blaute, men humøret og smila regna ikkje vekk. Ein gjeng positive elevar padla medan andre sprang frå post til post - nye namn vart lært og venskap vart til.

Begge kveldane hadde me eit ord for kvelden før me hadde underhaldning. Underhaldning med leikar, konkurransar og eit særdeles høglytt publikum. Stemninga var god, litt i overkant for nokon, men fleire fekk vist ferdigheitene sine. Ein samfunnfaglærer fekk briljera ved å ramsa opp hovudstader medan andre fekk vist styrke i talet på armhevingar, imponerande triksing med fotball (det var ikkje ein lærar), henta gjenstandar, plystring, stå på hendene og eting av kjeks og marshmallows.

På torsdagen skulle me alle på tur til Vårlivarden eller Horve 2. Den største flokken av elevar og lærarar vart skyssa til Myrland i minibussar og tok føtene fatt opp til Vårlivarden som ligg 384 moh.

Turen opp er bratt, så både hender, føter og kondis vart utfordra. På vegen til toppen, der me stig heile 320 høgdemeter, hørde me inga klaging. Nokre av dei vaksne på denne turen sleit med vonde ryggar og hofter, men sjølv desse klarte stort sett å halda det for seg sjølv. Lyden var god og «drøsen» gjekk. På toppen vart «snappar» sende, og utsikta godt dokumentert før turen gjekk ned igjen.

Til Horve 2 vart det ein liten bomtur, her hadde nemleg ein annan skule okkupert plassen, og ein måtte finna ein stad i nærleiken der ein kunne setja seg ned. Det førte til at nokre lærarar kom på avvegar, men òg frå denne turen kan ein melda om god lyd og godt humør.

8. trinn på Vårlivarden.



På kvelden blei det både møte og underhaldning.

På heimreisedagen, midt i 50-leiken, kom plutselig bussane. Elevane og nokre lærarar fekk plass og sette nasen heimover. Igjen var det ein liten gjeng lærarar som rydda litt før òg me sette oss i mini-bussen og reiste heim. I minibussen var det stille, turen var over, me var slitne, men òg glade og takksame. Takksame for ein vellykka tur. Takksame for ein gjeng positive og flotte elevar som me gler oss til å bli endå betre kjent med.

**8. trinn, takk for ein fin tur!**



Fra venstre Tron-Aril Grødem, Leon Løge og Kristoffer Viste.



Bading



Steiking av burgarar og pølser.



Ein velfortent kaffipause.

# Nytilsette på Tryggheim vgs

## Spørsmål:

1. Kjem frå/bur
2. Tittel på Tryggheim
3. Arbeidsoppgåver
4. Favorittmat
5. Interesser
6. Oppteken av og brenn for



### Henrik Haaverstad, 30 år

1. Opprinnelig fra Nodland rett utenfor Kristiansand, men kjærligheten førte meg til Bryne
2. Den nye vaktmesteren
3. Drifte og vedlikeholde bygga og eiendommen til Tryggheim
4. Pizza i den nyinnkjøpte pizzaovnen
5. En aktiv hverdag med varierende innhold med alt fra friluft og turer i skog og fjell, løpeturer, oppussing og hending med gode venner og familie
6. Lage en best mulig dag for meg selv og de rundt meg



### Benedikte Pollestad, 24 år

1. Kommer fra Årdal i Ryfylke, bor på Nærbø
2. Internatleder
3. Være en omsorgsperson for elvene som bor på internatet
4. Taco
5. Interiør, løping og gå turer (viktig at skrittelleren har nok skritt på slutten av dagen)
6. Rettferdighet



### Fredrik Fremstad, 19 år

1. Kommer fra Nærbø
2. Er midlertidig vaktmester
3. Vedlikehold
4. Hjemmelaget PIZZA
5. Styrketrening og golf
6. Har ikke noe spesielt jeg brenner for



### Kenneth Undheim, 32 år

1. Kjem frå Lyefjell, men har budd på Vigrestad i ni år
2. Lærer på bygg- og anleggslinja
3. Eg skal vere med og undervise på Vg1 byggfag (litt i alle klasser) og på anleggsteknikklinja
4. Min favorittmat må vel bli bacalao
5. Mi store interesse er trearbeid og sjøfiske
6. Det som eg brenn for, er å gjere Jesus kjent, når Jesus får skine, falmar alt anna



### Fanuel Ogbamichael Yrgaw, 20 år

1. Nærbø
2. Miljøarbeider
3. Arrangera jille aktivitetar, finna på ting med elevane og sørga for at alle elevar har det kjekt på skulen
4. Butter chicken
5. Bibel, basketball og styrketrening
6. Trusforsvar



### Ingrid Indrebø, 20 år

1. Kommer fra Ålesund
2. Miljøarbeider
3. Jobben min går ut på å skape godt miljø på Tryggheim og legge opp til aktiviteter og arrangement på fritiden for elevene som går her.
4. Favorittmaten min er mye, men er veldig glad i taco
5. Liker å spille volleyball, være sosial og snakke med mennesker
6. Opptatt av at det skal være godt miljø på Tryggheim, at det skal være en god plass å være på fritiden og at det kan være en plass hvor vi åpent og ærlig kan snakke med hverandre om tro og liv



### Ruben Hauge, 25 år

1. Kjem frå Klepp. Bur nå på Lyefjell
2. Lærer
3. Kontaktlærer for Bygg- og anleggsteknikk
4. Pizza
5. Både sjå og spele fotball
6. Eit godt miljø på Tryggheim, kor elevane kan utvikle seg fagleg, men og i tru



### Kristin Moskvil, 38 år

1. Bor på Bryne
2. Skolesekretær
3. Arbeidsoppgavene mine er veldig varierte, skriver en del e-post, svarer på telefoner osv.
4. Mat på stormkjøkken på tur med familie og venner er veldig topp .... men er også veldig glad i smågodt
5. Liker godt å gå turer til små eller store topper
6. Har lyst at enda flere skal få høre om Jesus



### Henrik Siqveland, 24 år

1. Vigrestad / Bryne
2. Lærer
3. Norsk- og kristendoms lærer
4. Så mangt, kjøtkaker skårer høgt.
5. Veldig interessert i kona mi, Mari. Forutan henne, historie, teologi, filosofi, musikk, litteratur, grammatikk, landbruk, historie, lastebilar, økonomi, politikk og drøs.
6. «Kunnskap skal styra rike og land»



### Mari Michaelsen, 20 år

1. Kommer fra Ålgård
2. Miljøarbeider
3. Være tilgjengelig på ettermiddagstid for elevene, sørge for at både hjemmeboere og internatboere føler seg velkomne og trygge på skolen, samt skape kjekke møtepunkter og arrangement som er med på å skape trivsel og bygge vennskap og samhold mellom trinn og linjer
4. Pizza
5. Er glad i være sammen med mennesker og være i aktivitet, spesielt glad i volleyball
6. Er opptatt av at Tryggheim skal være en plass man ser frem til å komme til og føler tilhørighet til uavhengig av om man bor hjemme eller på skolen, er ny eller gammel elev. Jeg ønsker at det på Tryggheim skal være et miljø som er varmt, inkluderende og hvor både elever og lærere kappes om å hedre hverandre, heier på de gode kvalitetene til hverandre og hjelper å dra hverandre i riktig retning.

# BILDER FRA OPPSTARTEN

## OVERNATTINGSTUR TIL GAUDLAND

Foto: Geir Tjeltveit

Et døgn i slutten av august reiste biologiklassen (B1) på overnattingstur til Gaudland, der de bodde på et småbruk eid av Stavanger turistforening. Der fikk elevene lære mye om planter, de gjorde forsøk og studerte planter i mikroskop og med luper. Biologilærerne Liv og Geir lærte litt nytt selv også.



## VG1 STUDIEKLASSENE PÅ GYMTUR

Foto: Bjørn Anders Bøe

Hvert år i slutten av august drar alle Vg1-klasseene til Maurholen ved Egersund på gymtur. 31. august var det 1ST-klasseene sin tur, og i det fine været ble det en flott dag med mye gåing og andre fysiske aktiviteter, men også tid til å slappe av og få seg en matbit.



Med det nye solcellepanelet har Tryggheim skular fått tilgang på fornybar, «gratis» energi. Foto: Tårn Helge Helgøy

## 400.000 i støtte frå Sparebankstiftinga Time og Hå

Tekst: Mari Ask Helland

Dersom du har vore på besøk på Tryggheim i det siste, har du kanskje lagt merke til at det er noko nytt med taket på ungdomsskulen?

I så fall er du på riktig spor! I løpet av sommaren har det nemleg blitt sett opp eit heilt nytt solcelleanlegg på taket. Me er nå så heldige at skulen har fått tilgang på fornybar, «gratis» energi. Berre sidan me starta opp anlegget 7. juni, har det produsert over 50.000 kWh.

Men, me hadde aldri klart det utan hjelp. Me vil gjerne seia takk til alle som har støtta prosjektet økonomisk og vore med på å realisera det.

Særskilt vil me takka Sparebankstiftinga Time og Hå som tildelte oss ei støtte på kr 400 000,-.

I tillegg vil me senda ein takk for godt samarbeid med hovudleverandøren av solcellene, Elektrofag Jæren.

Det er veldig stas og gildt med alle som vil stilla opp for skulen vår og heia på ungdommane!

Tusen takk for all støtte!



Økonomileiar Eivind Svensen tek imot stønad frå Sparebankstiftinga. Foto: Owe Bokn



Nyoppsett solcellepanel som badar seg i junigrønt. Foto: Knut Handeland

# RUSS2024



## Russestyret

Framme frå venstre: Misjonsprosjektleiar Ida Indrebø, underhaldningssjef Emma Løkke Mæland, teknisk sjef Benjamin Trygve Øgreid-Øie, redaktør Oda Elise Omland. Bak frå venstre: visepresident Andreas Haraldseid, møteleiar Malin Geniva Fjalestad, innkjøpssjef Sandra Heskestad, økonomisjef Anne Marte Vaage, idrettssjef Tobias Fylling og president Kaisa Braut. Foto: Olav Vatland

## Mentorar



Foto: Henrik Foss

Lærarane Bjørghild Serina Baksaas og Kristian Birkeland er mentorar og ressurspersonar for russen. Dei har jamlege samtalar med russestyret, er med på nokre av arrangementa og skal støtta russen i arbeidet med å skapa samhald og trivsel.



## Russepresident Kaisa

Tekst: Bjørg Topnes. Foto: Olav Vatland

*Kvifor ville du bli president?*

Eg hadde tenkt å engasjera meg i Krussen, men så kjende eg at eg bryr meg skikkeleg om Tryggheim. Det er viktig å vera der ein er. Som president har du stor innverknad, og eg trur eg har mykje å bidra med. Det er skikkeleg viktig at me har Tryggheim sine verdiar og kristne verdiar til grunn for russetida. Dette blir eit annleis år for oss der fokuset er å skapa trivsel og godt miljø, og ikkje minst å samla inn masse til misjonsprosjektet. Samstundes synest eg det er fint om Tryggheim-russen deltar i Krussen òg.

*Kva inntrykk har du fått av russekullet så langt, Kaisa?*

Me er eit skikkeleg samansveisa kull, ein god gjeng som vil ting i lag og er veldig motiverte for å skapa eit godt miljø på Tryggheim.

*Kva mål og planar har de for russetida?*

Dei to overordna måla er miljø og misjon. Me vil skapa masse gilde ting i lag, kanskje oppføra oss litt som fadrar for førsteklasingane ved å ta ekstra godt imot dei, sjå folk litt ekstra, skapa arrangement med søsterskular og få godt engasjement og gode fellesskap. I tillegg vil me slå tidlegare rekordar med misjonsprosjektet.

*Kva forventar du av medrussen din?*

Eg forventar at me kan ha eit godt fellesskap, stå opp for dei verdiane som er viktige på Tryggheim og at me held koken og er engasjerte heile året.



# Kyllingbonde blir ny hønemor



Tekst: Knut Handeland, Foto: Henrik Foss (Vigdis) og Knut Handeland (Benedikte)

Vigdis Øyen, som har vore ei trygg hamn og eit lågterskeltilbod 24/7 for internatelevar i eit kvart hundreår, har frå 1. september permisjon frå stillinga som internatleiar.



Benedikte Pollestad er ny internatleiar dette skuleåret.

I hennar stad kjem tidlegare tryggheimelev (2015-17) Benedikte Pollestad. Ho har fagbrev som helsefagarbeidar og har arbeidd fleire år i heimesjukepleien på Nærbø. Saman med odelsguten ho er gift med, bygde dei nytt kyllingfjøs i 2021. Der har ho tatt morgonstellet for 12.000 kyllingar ein til tre gonger i veka sidan oppstart. Om den erfaringa har overføringsverdi i handteringa av 220 internatelevar, skal ikkje utelukkast.

**Korleis er det å hoppe etter Wirkola?**  
- Det spurde bror min og om då han hørde eg hadde fått jobben! Fordelen er at eg har gått på Tryggheim sjølv, så eg veit kva elevane misser ved at Vigdis forsvinn.

**Kva tiltrekkjer deg i den nye jobben?**  
Gode samtalar, både om praktiske ting og om kjenslemessige ting, og å kunne vere til hjelp.

**Kva trur du kan bli utfordrande?**  
Å vere streng, trur eg, når alle er så gilde. Det kan vere nødvendig av og til, men det er godt meint, sjølv om det ikkje alltid er så lett å forstå når ein er 16 år.



Internatleiar Vigdis Øyen, mor til alle internatelevar dette hundreåret, har permisjon i år.

## Tre på topp Tradisjonelle mjølkerettar. No som kraftuttrykk.

Tekst: Knut Handeland

To trendar kjempar om dominans på kjøkenet. Industrielt ultraprosessert ferdigmat versus råvarebasert, kortreist og heimelaga. Begge ser ut til å vinne, alt etter kven ein lyttar til. Maten oppført under «Tradisjonelle melkeretter» på [www.melk.no](http://www.melk.no) har ikkje akkurat tatt av på nordsida av 2. verdskrigen, og me luftar ideen om alternativ bruk. Namna på mjølkerettane er nemleg så gode og verneverdige at ein skal vere ganske høgsensitiv laktoseintolerant for ikkje å sjå alternativ verdi i dei som nærast universelle uttrykk, som kraftuttrykk i krevjande situasjonar eller språkleg krydder. Her er tre. Tygg litt på dei viss du torer.



### BLENG

Tenkt bruk:  
«...så sa det berre bleng!, sykkelhjelmene sprakk og Geir rullta ålveltes i veitå!»

«Det gjekk dårleg på eksamen, eg fekk heilt bleng då eg såg oppgåvene.»


### FADOST

Tenkt bruk:  
«Kva fadosten har skjedd med prisen på farse i to brød?»

### MYLSE

Tenkt bruk:  
«Kva mylsar de på med, karar, sånn på jabnå?»

«Jammen går hausten fort, det mylsar seg snart mot jul.»



# Nytt skuleår med rekordhøgt elevtal

Tekst og foto: Henrik Foss

**For første gong i den 104 år lange Tryggheim-historia har vidaregåande 550 elevar.**

Friskulen som begynte på Nærbø i 1919 med like over 50 elevar, samlar i år 288 på ungdomsskulen og 550 på vidaregåande. Rektor Gjermund Viste er takksam for at Tryggheim har rekordtal.

- Vi er stolte og audmjuke over at så mange ønskjer å gå på Tryggheim, seier han og understrekar at det framleis er viktig for skulen å sjå den enkelte elev.

## Vekst og utvikling

Gjermund har vore rektor på Tryggheim sidan 2005. Den gongen hadde ungdomsskulen sitt oppstartsår, med 13 elevar, og 426 gjekk på vidaregåande. At Tryggheim i 2023 er meir attraktiv enn nokon gong, gir skulen endå større frimod til å realisere byggeplanar.

- Når mange over tid takkar ja til å gå på Tryggheim, betyr det at vi kan investere for framtida. Planane «Tryggheim 2030» inneber å bygge nytt undervisningsbygg og nytt internat. Godt elevtal bidrar til at vi kan halde fram med å vidareutvikle skulen, seier Gjermund.

## God oppstart

Skuleåret starta med opningsfest i møtesalen for Vg1-elevar og -foreldre laurdag 19. august. I løpet av dei to første skuleveke var det ekstra stort aktivitetsnivå på kveldstid og i helgene slik at dei nye elevane på vidaregåande skulle bli betre kjent med kvarandre.

- Det har vore veldig mykje å glede seg over i oppstarten. 220 elevar bur på internat, og veldig mange heimebuuar prioriterer å vere med på det som skjer i Tryggheim sin regi etter skuletid, seier rektor.



Full møtesal under skuledebatt.



Vg3 på russeweekend.

Den siste helga i august reiste heile 130 Vg3-elevar til leirplassen Tonstadli på russe-weekend for å knyte sosiale band på tvers av klassane. For første gong har skulen fem Vg3-klassar som er heilt fulle.



Vg1-elevar spelar bordtennis.



Rektor Gjermund på opningsfest.

**Retter og Vinger**  
- for Tryggheim og verden

### Vil du kjøpa lodd?

4. oktober er det Huslydkveld her på Tryggheim på Nærbø, og då blir det sjølvstekt basar!

Har du lyst å kjøpa lodd til hovudlotteriet?  
Følg QR-koden for å kjøpa lodd i vipps.

Det kostar 20 kr. per lodd.

**Hugs å skriva namn og tlf.nr.**  
i kommentarfeltet på vipps!



Velkommen til Huslydkveld!

## Tryggheimkalender

### OKTOBER

Man. 9. - fre. 13. Høstferie  
Fre. 27. OM-dag (innsamling til misjonsprosjektet)

### NOVEMBER

Lør. 11. Temadag



## Visste du at...

Jakob Viste (ST 13-16) og Rebekka Hykkerud giftet seg 20. mai

Henrik Siveland (ST 14-17 og lærer 23-) og Mari Tveiten giftet seg 24. juni

Ida Malene Horpestad (ST 16-19) og Kristian Skjold giftet seg 24. juni

Olav Knutzen (ST 14-17) og Gunn Margit Steen Kopperud giftet seg 30. juni

Aurora Nærland Reime (PB 20-21) og Torben T. Skretting giftet seg 1. juli

Miriam Helgøy Nygård (HO/PB 15-18) og Sander Mulelid giftet seg 1. juli

Serina Jacobsen (HO/PB 17-20) og Martin Lende (BA 14-16) giftet seg 1. juli

Marita Muren (ST 15-18) og Karl Fredrik Øgaard (ST 15-18) giftet seg 7. juli

Marita Omland Hobberstad (HO/PB 19-22) og Håkon Øgreid (EL 16-18) giftet seg 8. juli

Simen Aanestad (ST 15-18) og Ingrid Vadet Gravidal giftet seg 15. juli

David Toft Amenya (EL 15-17) og Elisa Vagle (medvinner av TV2s «Kompani Lauritzen Tropp 1» -22) giftet seg 22. juli

Hanna Torgersen (BA/PB 19-22) og Erlend Nordtun (BA 18-20) giftet seg 22. juli

Ingeborg Hodne (ST 15-18) og Martinus Bjørge giftet seg 28. juli

Jone Viste (ST 17-20) og Laila Vikenes giftet seg 5. august

Per Ivar Stokland (ST 15-18) og Tuva Sines giftet seg 12. august

Rebekka Reilstad (HO/PB 14-17) og Jonas Erikstein giftet seg 12. august


Marn-Anne Brattgjerd (HO 21-23) og Sondre Åsbø (ST 20-23) giftet seg 19. august

Svanhild Østebø (HO 18-20) og Geirmund Rodal (BY 19-20) giftet seg 19. august

Narve Gilje Nordås (ST 14-17) tok bronse på 1500-meteren i friidretts-VM i Budapest i august.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til [aaanestad@tryggheim.no](mailto:aaanestad@tryggheim.no), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Returadresse:  
Tryggheimhelsing  
Tryggheimveien 13  
4365 Nærbø



# Tryggheim skular inviterer til HUSLYDKVELD

Onsdag 4.oktober kl.19.00



**Røtter og vinger**  
– fra Tryggheim til verden

**Gunnar Bråthen**

Generalsekretær  
i Misjonssambandet

**Olaug Bollestad**

KRF-leder

**Sofasamtale**

med flere bidragsyttere

· Sang og musikk

· God mat

· Basar med  
kveldstrekning

Varmt velkommen!